



GUTEN I RØYKEN: Søyland lagar klar røyken som skal pumpast inn i bikubane.

Birøktar **Alf Helge Søyland** køyrer gladeleg over 200 km i veka for å hausta bringebærhonning frå Voss.



Ein god stad for **bier**

– Dette er liksom min måte å vera bonde på, smiler birøktar Alf Helge Søyland medan han opnar bakdøra på varebilen sin. Ut av det tett-pakka bagasjerommet osar det ei søt lukt av honning frå dei mange kassane med vokstavler.

Søyland arbeider til vanleg som botanisk gartnar ved Arboretet og Botanisk Hage på Milde i Bergen, men er ein dedikert birøktar på si. Minst ein gong i veka reiser han til Voss for å sjå etter bikubane sine som står plassert på Ringheim, Bømoen og på Tvilde.

– Eg har eigentleg ferie no, men det gjer meg ingenting å køyra hit. Dette er ein kjær hobby eg har hatt i nærare 30 år, og som er så kjekk

å halda på med, seier han.

Samarbeid

Søyland er ein såkalla vandrebirøktar, som er innoom ulike stader i løpet av ein sommar. Voss er andre stopp på turen.

– Vi er fire birøktarar frå bergensområdet som startar sesongen med pollinering av morellar i Hardanger, så flyttar vi bikubane til Voss når bringebæra og kløveren byrjar å bløma, og reiser deretter til lyngområda på Sotra og Øygarden når lyngen blømer i slutten av juli.

Han fortel at han tykkjer det er kjekt å vera fleire birøktarar som arbeider saman.

– Å vera birøktar kan vera ein ein-

sam hobby, så det å reisa rundt og samarbeida slik er veldig kjekt.

Røyk og lavendel

I dag er Søyland på Ringheim, der han har om lag 20 bikubar ståande. Han tek på seg ein kvit heildekande dress og nettinghatt før han fyller ei stålkanne med turt gras og pellets. Søyland set fyr på innhaldet og pumpar røyken inn i ei av bikubane.

– Røyken er meint å simulera skogbrann, og gjer at biene vert rolege. Viss du kjenner godt etter, vil du også merka ei lukt av lavendel, seier han medan han pumpar inn røyken.

Søyland tek opp ei av voksplatene

og børstar av det svarte laget med bier på begge sider. Til syne kjem det eit tjukt gyllent lag med fersk honning. Han set platene ned i ein kasse, og biene verkar overraskande rolege der dei svimar over kuben.

– Vi er eigentleg litt heldige som kom hit på ein overskya dag. Du skjønar at bier er svært vørsjuka av seg og held seg rolege inne i kubane så lenge det ikkje er fint vær ute. No har det også vore overskya eit par dagar, så biene er ikkje så kvikke av seg. I tillegg har honningen fått god tid til å turka, seier han. I og med at biene er så rolege, tek Søyland av seg nettinghatten.

Avansert digitalvekt

Søyland har i alt nesten 40 kubar plassert rundt om på Voss, og på Ringheim har han i tillegg plassert ei av bikubane på ei digital vekt.

– Dette er ei avansert vekt som måler honningtrekk, temperatur inn i kuba, fukt og nedbør. Det finst berre 12 av denne sorten i Noreg. Norges Birøktarlag og Honningcentralen har saman med danske og svenske birøktarar lånt ut vektene til viktige honningtrekkområde ulike stader i landet. Ei av desse vektene skulle plasserast i Hordaland, og no før sommarsesongen blei eg oppringt av Hordaland Birøktarlag som spurde om eg kunne tenkja meg å ta ansvaret for denne. Det